Produktark: Beitebruk

Beskrivelse

Datasettet inneheld informasjon om organiserte beitelag. Kartlaget er framstilt med kopling til registret Organisert beitebruk hjå Landbruks-direktoratet.

Formål/bruksområde

Datasettet beitebruk er ein reiskap for forvalting av utmark og næringsutvikling innan utmarksbasert husdyrbruk.

Næringsplanlegging: Datasettet gjev grunnlag for planlegging av betre beitebruk ved at ein får avdekka faktorar som har innverknad på avdrått.

Arealplanlegging: Datasettet dokumenterer husdyrbruket sine arealinteresser i utmark til bruk ved arealplanlegging og arealbrukskonflikter.

Rovdyrforvalting: Datasettet syner fram beite-næringa sin arealbruk og tap av dyr på utmarksbeite.

Dyresjukdom: Datasettet gjev høve for arbeid med forebyggande tiltak mot spreiing av husdyrsjukdomar.

Beredskap: Datasettet kan gje oversikt over potensiale for produksjon av mat i utmarka.

Eigar/kontaktperson

Norsk institutt for skog og landskap og Fylkesmennene sine landbruksavdelingar.

Datateknisk: Seksjonsleiar Geomatikk: Ingvild Nystuen, gisdrift@skogoglandskap.no

Fagekspert: Senioringeniør, Utmark: Michael Angeloff, gisdrift@skogoglandskap.no

Datasettoppløysing

Målestokk: 1:50 000
Kor nøyaktig er stadfestinga (meter): 100

Utstrekning

Skildring av utstrekning
Beiteområde for husdyr på fastland og øyar.

Dekningsoversikt
Ikkje tilgjengeleg.

Kjelder og metode

Fylkesmennene sine landbruksavdelingar (FMLA) er ansvarleg for utarbeiding av kartmanus over beitelag og ajourhald av dette. Data frå Organisert beitebruk vert også samla inn av FMLA under koordinering av Landbruksdirektoratet. Skog og landskap koplar kart-data og registerdata, og er ansvarleg for forvaltinga av datasettet.

Ved kartfesting av beitelag er det valt å kartlegge husdyra sin faktiske arealbruk fordi det mange stader vil vera uklare tilhøve knytt til beiterett. Dessutan vil mange vurderingar knytt til arealbruk og avdrått vera avhengig av at det verkeleg brukte arealet ligg inne. Grensene er dermed ikkje rettsgyldige med omsyn til dokumentasjon av beiterett.

Ajourføring og oppdatering

Endring og oppdatering av kartet vert gjort kvart år.

Status
Sist oppdatert 2013

Leveranse

Format (Versjon)

- SHAPE (SOSI Versjon 4.0)
- WMS (1.3.0)

Projeksjonar

- UTM 31-36, EUREF89
- Geografiske koordinatar, EUREF89

WMS-tenesta støttar også UTM og geografiske koordinatar i WGS84 og Web Mercator i WGS84.

Tilgangsrestriksjonar

Teneste

Datasettet kan lastast ned i kommunevise filer frå Skog og landskap sine nettsider. Nedlasting krev ikkje lisens eller brukarnavn/ passord.

WMS-tenesta er tilgjengeleg frå Skog og landskap sine nettsider.

WMS:
http://wms.skogoglandskap.no/cgi-bin/beite?

WMS - Get Capabilites:
http://wms.skogoglandskap.no/cgi-bin/beite?request=getcapabilities&service=wms

Objekttypeliste

Beitelag:
Lag av fleire beitebrukarar som disponerer eit beiteområde og er tilslutta Organisert beitebruk. Laget samarbeider om tilsyn, sanking og andre tiltak knytt til beitebruken, som t.d. gjerding og gjetarbuer. Laget sender årleg inn eit registrerings-skjema over tal dyr sleppt og tapt på beite. Beitelaget er registrert i fylket der dyra beiter.

Beitebesetning:
Areal der beitedyr som tilhøyrer en eigar beiter, jmf. Landbruksregistret.

Eigenskapsliste

Kartlag med presentasjonsreglar

- Dyreslag kategori (Dyr)
- Sau sleppt på beite (ANT_SAU)
- Lam sleppt på beite (ANT_LAM)
- Tal sau og lam sleppt på beite (ANT_SAULAM)
- Storfe sleppt på beite (ANT_STORFE)
- Geit sleppt på beite (ANT_GEIT)
- Tal sau og lam per km² tilgjengeleg areal (SAU_PERKM2)
- Prosent sau tapt på beite (TPRS_SAU)
- Prosent lam tapt på beite (TPRS_LAM)
- Prosent sau og lam tapt på beite (TPRS_SL)
- Prosent storfe tapt på beite (TPRS_STORFE)
- Prosent geit tapt på beite (TPRS_GEIT)

Andre eigenskapar

- Tal sau tapt (TAP_SAU)
- Tal lam tapt (TAP_LAM)
- Tal sau og lam tapt (TAP_SAULAM)
- Tal storfe tapt (TAP_STORFE)
- Tal geit tapt (TAP_GEIT)
- Organisasjonsnummer (ORG_NR)
- Beiteområde (BEITEOMRADE)
- Beitelagsnamn (NAMN)
- Kommunen beitelaget er registrert (REGKOMM)
- Kommunen beitelaget har beite (BEITEKOMM)
- Tal medlemmar i beitelaget (ANT_MEDLEM)
- Skildring av dyreslag i beitelaget (DYRESLAG)
- Landareal -km² (LANDAREAL)
- Tilgjengeleg areal for beite -km² (TILGJ_AREAL)
- Prosent skog av tilgjengeleg areal (PRS_SKOG)

Lenker

Fagsider for beitebruk hos Skog og landskap

Metadata på Geonorge

Kart hjå Skog og landskap